

Fylkesmannen Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15744 - 20/77269

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)

Dato:  
18.12.2020

## **Oversender vedtak om omgående stans i arbeidet og tvangsmulkt til endeleg klagebehandling - gbnr 141/6 Kvamme**

Saka gjeld klage på vedtak om omgående stans i arbeidet og tvangsmulkt, datert 15.10.2020. Vedtaket er klag på av klagars representant, advokatfirmaet Harris i skriv mottatt 04.11.2020. Klagen er rettidig.

### **Bakgrunn**

Kommunen vart kjent med at på gbnr 141/6 langs «travvegen» skulle vere utført ein masseutfylling etter at Landbrukskontoret var oppringt av grunneigar på Kvamme, Kjartan Toft den 16.09.2020. Landbruksjefen i Alver kommune, Kjartan Nyhammer, og ein representant frå Landbruksavdelinga dro umiddelbart på synfaring denne dagen i området. Dei kunne stadfesta at dei tilførte massane ikkje var reine. Massane innhald ein blanding av jord, grus og kunstgras.

I vårt skriv av 17.09.20 retta vi førespurnad om mogleg ulovleg tilfelle til tiltakshavar Hans Martin Hvidsten. Hans tilsvar er av 30.09.20.

Kommunen var på synfaring på «travvegen» den 09.10.20 saman med politiet for å undersøke saka. På plassen vart det stadfesta at det var utført eit større terrenginngrep i form av ein planering og lagring av ureine massar. Det var stadfesta at det var utført større terrenginngrep på eigedomen, utan at det lå føre søknad om løyve til tiltak. Terrenginngrepet var søknadspliktig, da det ikkje går som eit mindre tiltak som er unntatt søknadshandsaming. Tiltaket var i strid med byggegrensa i mot vassdrag i kommuneplanens arealdel § 2.6.1. Vedtak om omgående stans i arbeidet og tvangsmulkt vart fatta den 15.10.2020.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

**«VEDTAK OM OMGÅANDE STANS I ARBEIDET OG TVANGSMULKT**  
Vi pålegger at du stansar arbeidet omgåande. Om nødvendig må området sikrast på forsvarleg måte. Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom. Vi vedtek samtidig ei

*tvangsmulkt på 500kr per dag som forfell til betaling dersom du ikkje stansar arbeidet omgåande. Det må sendast inn dokumentasjon/bekrefting på at arbeida er stoppa.»*

Fristen for å stanse arbeidet var omgåande. I skrivet av 17.12.2020 er det også gjørt varsel om retting og tvangsmulken med frist innan 09.12.2020 for å rette opp det ulovlege tilhøvet ved å fjerne massane og tilbakeføre området til slik det var før massane vart tilført.

**Vurdering:**

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Klagar er av den oppfatning at det ikkje er utført eit større terrengeinngrep som er søknadspliktig då dei tilkjørte massane skal oppbevarast mellombels med det føremål å vedlikehalde vegen. Då massane er plassert mellombels og er reine massar, er det ikkje fare for forureining og ikkje naudsynt å gje pålegg om stans med umiddelbar verknad, jf. pbl. §32-4. Vedtaket er ugyldig. Kommunen har heller ikkje grunngjørt sitt vedtak, jf. fvl. §24 og 25.

Klagars representant stadfestar at arbeidet er stansa:

*«For ordens skyld gjøres det likevel oppmerksom på at arbeidet med å plassere masser er opphört, og at det ikke vil bli tilkjørt flere masser til eiendommen.»*

Det er kommunen si vurdering at steinmassene inneholdt kunstgress, dvs. grasstrå av plast som er ureine masser etter forureiningslova, sjølv om dei ikkje inneholdt «svarte gummikulen». Ureine masser er masser som ikkje kan definerast som reine, men ligg under grensa for farleg avfall. Ureine masser er forureina masser. Det er ikkje tvilsamt at det fare for forureining med plastgresstrå.

Massane innehold også større stein, sjå biletet frå synfaringsrapport. Om desse kan nyttast til vedlikehald å tette hull og fylle på med stein krev at steinen blir knust. Også stein kan vere forureining med inngrep i det lokale miljøet på staden.

Vidare er massane fylt ut i en myr og over et bekkeløp. Det er kommunen si vurdering at dette er «over eksisterande massen», sjølv om klagar er av ein annan oppfatning. Kommunen har fått opplyst at vatnet i myra langs vegen er blitt mykje høgare. Meldar om tilhøvet og 2 andre grunneigarar har informert om at har vore tippa mykje grus ved utløpet til myra. Dette illustrerer at massane har ført til en heving av vatnet i myra.

Det er ikkje adgang til å plassere «mellombelse massen» som klagar hevdar då dette er ureine masser og som forureinar myra og som endrar høgda på vatnet i myra samt at eit mellombels vesentlig terrengeinngrep er søknadspliktig.

Kommunen er av den oppfatning at det framstår som klart at det er utført og ligg føre eit vesentlig terrengeinngrep med ureine massar. Situasjonen vert vurdert slik den framstår no med dei ureine massane etablert i området slik at klagars argumentasjon om at massane er plassert mellombels ikkje kan føre fram. Alvorsgraden av det større terrengeinngrepet i form av ein planering og lagring av massar vert ytterligare forsterka av det faktum at terrengeinngrepet ligg i og ved myr/vatn. Tilførsel av ureine masser i grunnen og i vann, som er til skade for eller ulykke for miljøet, er forureining.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 15.10.2020.

Klagen tas ikke til følgje og vedtak i sak 20/15744, datert 15.10.2020, vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om stans med øyeblikkelig virkning og merknad til varsel om retting, tvangsmulkt og overtredelse - gbnr 141/6 Kvamme nedre

Klage og merknad

Vedtak om omgående stans i arbeidet og tvangsmulkt – varsel om retting og tvangsmulkt - gbnr 1416 Kvamme nedre

Synfaringsrapport - gbnr 1416 Kvamme nedre

Utgreiing frå tiltakshavar - gbnr 141/6 Kvamme

Utgreiing i frå tiltakshavar - gbnr 141/6 Kvamme

ATT00001

Presisering av melding til Landbruksavdelingen - GBNR 141/6 Kvamme

Tipping av grus på travvegen

Ber om tilbakemelding på igangsett forhold - gbnr 141/6 Kvamme

Ulovleg tipping og planering, grus og kunstgrasmatte, GBNR 141/6 Kvamme

Videoklipp\_GBNR 141\_6 Kvamme

**Kopi til:**

Arild Kvamme	Erstadvegen 42	5911	ALVERSUND
Asgeir Kvamme	Skarsvegen 185	5911	ALVERSUND
Bjarne Gunnar Kvamme	Skarsvegen 193	5911	ALVERSUND
Hans Martin Hvidsten	Kvamsvegen 62	5911	ALVERSUND
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Kjartan Toft	Kvamsvegen 18	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Fylkesmannen Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------	--------------	------	-----------